

REFERAT FRÅ MØTE I FFU

FREDAG 18.10.2013 KL. 13.15 – 15.30

Til stades: Tor Trolie (leiar), Torodd Kinn (for Helge Sandøy), Daniel Apollon (for Jill Walker Rettberg), Kjersti Aarstein, Marte Nordanger og Victoria Rosén.

Skrivar: Anne Berit Apold

Forfall: Erik Bjerck Hagen

Saker:

- I. Godkjenning av innkalling – Innkallinga vart godkjent.
- II. Godkjenning av referat frå møtet 06.06.2013. – Referatet vart godkjent.
- III. Orienteringssaker
 - Forskingsleiar Tor Trolie orienterte kort om status for talet på ph.d.-kandidatar ved LLE. I 2013 har LLE fått 11 nye ph.d.-kandidatar (7 UiB-stipendiatar, 2 har stipend knytt til prosjekt og 2 er tilsett ved ekstern institusjon). LLE har til saman 54 personar i ph.d.-programmet. Av desse er 39 innanfor den opprinnelege ph.d.-perioden, 7 har levert avhandling og 12 er over tida. Det har vore tre disputasar ved LLE i 2013, og det er planlagt 2 disputasar hausten 2013. Tre avhandlingar er underkjent i 2013. Instituttet håpar å kunne lysa ut 5 stipendiatstillingar i november/desember, men dette er ikkje avklart enno.
 - LLE har vorte kontakta av Martin Paulsen (IF) som kom med ein førespurnad frå *Nasjonal forskarskule i lingvistikk og filologi* om det er interesse for at forskarskulen opprettar kurs i vitenskapsteori. Det er UiB og fakultetet som må avgjera dette, men kurs i regi av forsarskulen kan etter søknad godkjennast av instituttet som del av dei 15 fagspesifikke studiepoenga.

SAK 2 Godkjenning av ph.d.-kandidatane sin plan for opplæringsdelen i FFU – forslag om ny rutine ved LLE

I ordsiftet om denne saka vart det mellom anna påpeikt at det vil vera vanskeleg for ph.d.-kandidatane å laga ein realistisk plan for opplæringsdelen sidan dei ikkje veit på førehand kva kurs/seminar som vert skipa til i ph.d.-perioden deira. Det vart også nemnt at ein kan gjera kandidatane ei bjørneteneste ved at strenge krav til planlegging fører til at kandidatane tek dårlegare/mindre relevante kurs enn om dei ventar og ser kva tilbod som «dukkar opp». Det var semje om at ein må unngå eit rigid system og unngå at ein slik plan vert oppfatta som ein bindande avtale.

Vedtak:

FFU går inn for at ph.d.-kandidatane sin intensjonsplan for opplæringsdelen vert lagt fram til godkjenning i FFU. Rettleiar og kandidat lagar ein plan for kva som skal inngå i opplæringsdelen der det òg vert tidfesta så langt som mogleg kva semester dei ulike elementa i planen skal gjennomførast. Forslaget skal leggjast fram til godkjenning i FFU innan eit halvt år etter oppstart av kandidaten sin ph.d.-periode. Saka vert tatt opp til gjennomgang i FFU hausten 2014

SAK 1 Retningslinjer for opplæringsdelen i forskarutdanninga ved LLE

I ordsifte om saka vart det stilt spørjeteikn ved ei setning under punktet «Deltakelse i nasjonal eller internasjonal konferanse» då det var tydleg at budskapet i setninga ikkje var lett å forstå slik det var formulert i forslaget. Det var semje om å erstatte setninga «Det kan kun gis studiepoeng for enten deltakelse i konferanse med paper eller publisering av konferansepaper» med «Konferanseinnlegg kan ikke gi uttelling både som konferanse og publikasjon».

Vedtak:

FFU støtta framlegg til retningslinjer for opplæringsdelen i forskarutdanninga ved LLE med følgjande retting: Setninga «Det kan kun gis studiepoeng for enten deltakelse i konferanse med paper eller publisering av konferansepaper» skal erstattast med «Konferanseinnlegg kan ikke gi uttelling både som konferanse og publikasjon».

SAK 3 Forslag til komité ved innlevering av avhandling– framlegg om ny rutine ved LLE.

I ordskrifte kring saka vart det trekt fram fleire argument mot at rettleiar skal ha ansvaret for å foreslå komité i samband med disputas. Det vart mellom anna uttrykt ei uro for at somme rettleiarar kan vera for «snille» i forslag til komitémedlemmer, medan andre kan vera for «strenge». Ein må ta omsyn til at det kan vera faglege/personlege konflikhtar mellom rettleiar og kandidat. Det var semje i FFU om at fagmiljøet må trekkjast inn i samband med forslag til komité. Ein vart ikkje samde om eit vedtak på møtet, men vart einige om at nytt framlegg til vedtak vert sendt til FFU for godkjenning (via epost).

Følgjande forslag vart sendt på epost til FFU 13. nov 2013 og godkjent i epostrunde.

FFU går inn for ein praksis ved LLE der framlegg til komité skal liggja føre når ph.d.-kandidaten leverer avhandlinga si. Hovudrettleiar forslår komité i samråd med fagmiljøet og instituttleiar. Den foreslåtte komiteen skal vera førespurt og medlemmene må ha stadfesta at dei kan gjennomføra oppdraget (innstilling og disputas) innan rimeleg tid. For dei ph.d.-kandidatane som har ekstern hovudrettleiar må intern bi-rettleiar sjå til at framlegg til komité ligg føre ved innlevering av avhandlinga.

SAK 4 Innføra møte med ph.d-kandidat og rettleiar før stipendperioden går ut – forslag om ny rutine ved LLE.

Det var i utgangpunktet ei positiv innstilling til framlegget om å innføre eit møte mellom kandidat, rettleiar, forskingsleiar og ph.d.-koordinator 3 månadar før stipendperioden går ut. Tema for ordskiptet var knytt til spørsmålet om kva form eit slikt møte skal ha og det var semje om at dette bør vera eit uformelt møte der hovudformålet er å formidle nødvendig informasjon. Det vart også trekt fram at ein i eit slikt møte vil kunne førebu rettleiaren på ansvaret han/ho har for å finne komité i samband med disputas (jamfør sak 3).

Vedtak:

FFU går inn for at ph.d.-kandidat og rettleiar vert kalla inn til møte med forskingsleiar og ph.d.-koordinator 3 månadar før kandidaten sin ph.d-periode går ut. Omtrentleg tidspunkt for møtet vert sett ved kandidaten si midtveisevaluering. Formålet med møtet er å gjera opp status, formidla viktig informasjon og setja i verk tiltak der det er nødvendig.

SAK 5 Øymerking av stipend – post.doc og SAK 6 Øymerking av stipend – ph.d.

Det var eit langt ordskite om desse sakene i FFU. Sidan sakene vart drøfta litt om kvarandre og mange av dei same argumenta kom fram i begge sakene, vert sak 5 og 6 referert under eitt.

I ordskiftet vart det særskilt trekt fram at LLE framstår som eit fragmentert institutt der det lett kan oppstå dragkamp og konflikt kring øymerking/prioritering. Skal ein gå inn for øymerking ved utlysing av stipendstillingar bør ei prinsipiell tenking «fagpolicy» liggja bak. Om FFU skal gå inn for eller ta stilling til saker om øymerking må ein for det fyrste vite kva prinsipp/retningsliner som skal liggja til grunn og for det andre er det viktig med grundig saksførebuing.

Det vart ikkje gjort vedtak i sakene på møtet, men det var semje om at ein må koma attende til prinsipp/retningsliner for øymerking.

I etterkant av møtet har det kome fram at desse sakene ikkje skulle vore sett opp på saklista for møte i FFU. Sakene vil verta tatt opp i «lille FFU» (FFU sitt arbeidsutval) som vil gje råd til instituttleiar i spørsmåla om øymerking/prioritering ved utlysing av stipend.

SAK 7. Oppfølging av stipendiatane sin arbeidsperiode/pliktarbeid – forslag til rutine ved LLE

Medlemmene i FFU var positive til framlegget til rutine for handtering av stipendiatane sin arbeidsperiode/pliktarbeid ved LLE, men det vart påpeikt at punkt 6 som gjeld justering av arbeidsplanen undervegs i perioden må gjelde større justeringar, og setninga «Dersom arbeidsplanen må justerast undervegs i perioden skal dette skje i samråd mellom stipendiat, rettleiar og fagkoordinator» må erstattast med «Større endringar undervegs i perioden skal skje i samråd mellom stipendiat, rettleiar og fagkoordinator».

Vedtak:

FFU støtta framlegg til rutine for oppfølging av stipendiatane sin arbeidperiode/pliktarbeid ved LLE med endring i punkt 6 der setninga «Dersom arbeidsplanen må justerast undervegs i perioden skal dette skje i samråd mellom stipendiat, rettleiar og fagkoordinator» må erstattast med «Større endringar undervegs i perioden skal skje i samråd mellom stipendiat, rettleiar og fagkoordinator».

SAK 8. Søknad om stipend – støttebrev frå rettleiar ved LLE

FFU var i utgangspunktet positiv til at instituttet må sikra at søkjarar til ph.d. stipend har avtale med ein rettleiar ved LLE før dei sender søknad om stipend. Det vart likevel påpeikt at me i Noreg ikkje har tradisjon for «støttebrev», og vidare vart det påpeikt at ein må lage ei ordning der rettleiarar som vert kontakta av fleire moglege søkjarar ikkje treng/skal prioritera mellom desse. Med bakgrunn i desse merknadane vart det gjort framlegg om at ein ved LLE lagar eit standardformular/skjema der rettleiar kan krysse av for at dei har lest prosjektskildringa og seier seg villige til å ta på seg rettleiing for den aktuelle kandidaten. Det vart også påpeikt at det må gå tydeleg fram at utlysingsteksten at signert skjema frå potensiell rettleiar må leggjast ved søknaden om stipend.

Vedtak:

Søkjarar til phd.-stipend må ha avtale med ein rettleiar før søknad vert sendt til LLE.

Standardformular/skjema signert av rettleiar skal leggjast ved søknad om stilling som stipendiat.

Utkast til standardformular/skjema vert sendt FFU for godkjenning.

SAK 9. Ymse

Ingen saker.

19.11.2013
Anne Berit Apold
skrivar